



Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/14765 - 22/93131

Saksbehandlar:  
Madeleine Fonnes Aase  
madeleine.fonnes.aase@alver.kommune.no

Dato:  
07.12.2022

## Avvist søknad om redusert gebyr - Bogatunet

**Administrativt vedtak.** Saknr: 1393/22

### VEDTAK:

**Søknad om redusert gebyr vert avvist. Vedtaket er heimla i lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltning, Gebyr- og betalingsattsar for 2020.**

**Grunngjeving går fram av saksutgreiinga.**

### Saka gjeld

Saka gjeld søknad redusert gebyr for sakshandsaming og utsleppsløyve for Bogatunet.

Det vert elles vist til søknad mottaken 26.07.2020.

### Vurdering

Når særlege grunnar ligg føre kan det søkjast om redusert gebyr innan 3 veker etter at fakturaen er mottatt.

I søknad om redusert gebyr er det lagt ved kopi av puring/inkassovarsel frå Alver kommune datert 16.07.2020. I puringa går det fram at opprinneleg faktura har fakturadato 22.05.2020. Søknaden er mottatt over to månedar etter fakturadato og difor ikkje rettidig. Forskrifta har ikkje noko utvida frist for å søkje om redusert gebyr, difor må vi forhalde oss til fristen på 3 veker. Søknad om redusert gebyr vert difor avvist.

Om ein hadde søkt om redusert gebyr innan fristen skal det ligge føre særlege grunnar for å få det innvilga. Personlege og/eller sosiale tilhøve vert ikkje rekna som særleg grunn, jf. Forskrift om Gebyr- og betalingsattsar for 2020 punkt 4.10. I denne saka ville ein ikkje fått innvilga redusert gebyr. Ein må sjå på andre løysingar, til dømes kan det vere eit alternativ å søkje om midler frå kultur.

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/14765**

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen  
Avdelingsleiar

Madeleine Fonnes Aase  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*